



Møteprotokoll

Møtedato: 07. februar 2020

Møtetid: Kl. 13:00 – 14.10

Møtestad: Stad rådhus, Nordfjordeid
Formannskapssalen

Saksnr.: 01/20 - 08/20

Følgjande medlemmer møtte

Håkon Sjøstad (Leiar)
Jessica Haaland (Medlem)
Malene Friberg (Medlem)
Magne Fure (Medlem)

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Kariann Myklebust Fagerli (Nestleiar)

Følgjande varamedlemmer møtte

Dagfinn Olav Kvamme

Følgjande frå administrasjonen møtte

Merknad til innkallinga

Følgjande frå Vest Kontroll møtte

Jostein Støylen (Dagleg leiar).
Karoline Sighaug (Konsulent).

Følgjande frå Kommunerevisjonen Vestland revisjon møtte

Følgjande saker vart handsama

- SAK 01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/20 MELDINGAR
- SAK 04/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 05/20 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 06/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I SELJE 2019
- SAK 07/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I EID 2019
- SAK 08/20 INNVENDINGAR MOT VINDKRAFTANLEGG – KOMMUNAL SAKSHANDSAMING

Utskrift møteprotokoll: Kommunestyret som melding til neste møte, ordførar og rådmann som orientering og kontrollutval med vara for godkjenning til neste møte.

Signatur:

Håkon Sjøstad

Jessica Haaland

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/20	033	20.01.2020	07.02.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Jessica Haaland

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/20	049	20.01.2020	07.02.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 19.11.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 19.11.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/20	033&17	22.01.2020	07.02.2020	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. E-post 14. januar 2020. Finans forvaltninga.
Revisoruttale – kvalitetssikring av finansreglement og rutinar for finansforvaltning i Stad kommune frå 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/20	033&58	20.01.2020	07.02.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

I møtet:

Kontrollutvalet merka seg at utval for areal og eigedom var feil vedkomande habilitet og avstemming. Dette var retta opp i kommunestyret 06.02.20.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Stad kommune si heimeside - <https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:

Eid industrihus KF:

Finansutvalet:

Nordfjordrådet:

Stad eldreråd:

Stad Fjordvarme KF:

Stad formannskap: **30.01**

Stad kommunestyre:

Stad kontrollutval:

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Stad ungdomsråd: **27.01**

Utval for areal og eigedom: **28.01**

Utval for helse og omsorg: **28.01**

Utval for kultur, idrett, samfunn og næring: **14.01 28.01**

Utval for oppvekst og opplæring: **29.01**

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/20	033	20.01.2020	07.02.2020	KS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset møteplanen slik: 27. mars, 24. april, 19. juni, 11. september og 20. november.

I møtet:

Kontrollutvalet ønskjer å starte møta kl. 09.00. Det kan verte sette opp møte i tillegg til planen ved behov.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2020 er det i tillegg til 7. februar sett opp møte 27. mars, 24. april, 19. juni, 11. september og 20. november.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/20	033	28.01.2020	07.02.2020	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I SELJE 2019

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek kontrollutvalet si årsmelding for 2019 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2019. Utarbeidd av Vest kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagte årsmelding for kontrollutvalet 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/20	033	31.01.2020	07.02.2020	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I EID 2019

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek kontrollutvalet si årsmelding for 2019 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2019. Utarbeidd av Vest kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagte årsmelding for kontrollutvalet 2019.

Årsmeldinga er utarbeida av Vest kontroll, ut i frå opplysningar vi har hatt tilgang til.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/20	047	31.01.2020	07.02.2020	JS/KK

INNVENDINGAR MOT VINDKRAFTANLEGG – KOMMUNAL SAKSHANDSAMING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet rår Innbyggjarinitiativet mot vindkraft på Stad og Stad Landskap å sende brevet av 15.01.2020 og kontrollutvalssak 43/19 over til Fylkesmannen.

Vedlegg

E-post med flg. vedlegg frå Innbyggjarinitiativet mot Vindkraft på Stad V/Bård Fløde og Stad Landskap v/Hans-Christian Hansen.

Saksopplysningar

Det er kome inn nye/supplerande opplysningar frå Innbyggjarinitiativet mot Vindkraft på Stad V/Bård Fløde og Stad Landskap v/Hans-Christian Hansen, datert 15.01.2020.

Ein viser til vedtaket i Selje kontrollutval sak 43/19 der det går fram at kontrollutvalet vil vente på tilbakemelding frå Fylkesmannen, før eventuelt vidare vurdering i Stad kontrollutval.

Det er ikkje kome noko tilbakemelding frå Fylkesmannen som vi kjenner til. Ein bør difor råde innsendarane til å sende over dokumentet av 15.01.2020 og kontrollutvalssak 43/19 over til Fylkesmannen for eventuell bruk i samband med hans gjennomgang av saka.

Tidlegare sak i kontrollutvalet i Selje:

«Vedtak og saksopplysningar til sak 43/19 den 11.12.2019 i kontrollutvalet i Selje:

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringane frå rådmann og ordførar til vitende.
2. Kontrollutvalet kan på noverande tidspunkt ikkje sjå at ordfører eller administrasjon har handla i strid med fullmakter eller i strid med lovverk og regelverk for sakshandsaming. Kontrollutvalet vil vente på tilbakemelding frå Fylkesmannen, før eventuelt vidare vurdering i Stad kontrollutval.

Vedlegg

1. Brev av 01.11.2019 frå Stad Landskap v/leiar Hans-Christian Hansen med vedlegg.
2. Brev frå Sivilombudsmannen til Stad landskap av 05.11.2019.

Saksopplysningar

Innleiing

Frå interesseorganisasjonen Stad Landskap og Innbyggjarinitiativet mot vindkraft på Stad (nedafor også kalla informantane) ligg det føre eit til dels omfattande brev av 01.11.2019 med vedlegg. I dette materialet vert det reist til dels sterke innvendingar mot kommunen si behandling av innsende innvendingar mot vindkraft, m.a. på Okla. Informantane bed om at kontrollutvalet behandlar tilhøva til lovreglane om offentlegheit og saksbehandlingsreglar for møte mellom folkevalde. Vidare vert utvalet m.a. oppmoda om å vurdere om kommunale reglement er sette til side og om kommunen har forsømt å ivareta innbyggjarar sine interesser når det gjeld vindkraftutbygging.

Bakgrunn

Sentralt for saka er at Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) ved brev av 24.06.2019 godkjente ein søknad frå konsesjonæren til Okla vindkraftverk. Konsesjon vart gitt av departementet i 2013 og detaljplan for miljø-, transport og anleggsplan (MTA) vart godkjend 16.11.2017 av NVE utan klage.

Konsesjonæren søkte i april 2019 om nokre endringar i den allereie godkjende detaljplanen. Det vart mellom anna søkt om å redusere talet på vindturbinar frå seks til fem og endring av vegtrase. I høyringsrunden som varte fram til juni 2019 mottok NVE til saman ti uttalar til planendringssøknaden. Deretter godkjende NVE søknaden. Godkjenninga vart med delt Selje kommune ved NVE sitt brev av 24.06.2019. I dette brevet heiter det m.a.: «Vedtaket kan påklages til Olje- og energidepartementet innen 19. august 2019».

Kommunen si handsaming av spørsmålet om klage til NVE

Til formannskapsmøte den 13.08.2019 hadde ordføraren førebudd sak FS 099/19 om «Orientering frå ordførar om prosess med etablering av Okla Vindkraft og politiske vedtak frå 2000».

I møtet vedtok formannskapet å ta «MTA plan for Okla vindpark til vitande». Vedtaket gjekk også ut på å «be om utsatt frist til etter...9. oktober 2019 når det gjeld «høyringsperioden for vedtaket».

Det ser ut for at formannskapet her oversåg at fristen 19.08.2019 var ein klagefrist over eit godkjenningsvedtak.

Rådmannen sende den 14.08.d.å. brev til NVE med formannskapet sitt vedtak. Den 16.08.d.å. svarte NVE at dette ikkje kunne sjåast på som ei klage og at klagefristen heller ikkje ville verte forlenga. Kommunen vart oppmoda om eventuelt å sende inn ei klage som oppfylte formelle krav og heller kome attende til grunngevinga.

Ordføraren opplyste den 19.08.d.å. at «dette er ein politisk styrt prosess» og at NVE den 16.08.d.å. hadde avslått å forlengje klagefristen. Han skriv vidare:

«Formannskapet i Selje vel å ikkje påklage NVE sitt vedtak».

Det kan her reisas spørsmål om ordføraren hadde nødvendig fullmakt til å greie ut spørsmål om kommunen sin bruk av klagerett overfor NVE.

Formannskapet sitt vedtak om ikkje å påklage NVE sitt vedtak går ikkje fram av vedtaket. Spørsmål kan difor stillast om når, og korleis, denne avgjerda vart tatt. Møtebok ser ikkje ut for å liggje føre. Ordføraren skriv at «Formannskapet brukte mailkorrespondanse til å gjere denne uttalen ferdig».

Kommunelova (1992) kapittel 6 inneheld saksbehandlingsreglar i folkevalde organ, slik som møteprinsipp, reglar for offentlege møte, fastsetjing av møte, sakliste m.v. Kontrollutvalet kan etterprøve korleis desse reglane har vorte praktisert.

Vidare kan det vere naturleg å spørje om formannskapet har nødvendig fullmakt til å velje mellom anten å sende klage eller å godta dei planendingane som NVE hadde vedtatt.

Kommunen fekk den 24.06.2019 skriftleg opplyst formell klagefrist i ei sak som har skapt sterkt lokalt engasjement. Det kan stillast spørsmål om saksbehandlingsprosessen, med ekstraordinært formannskapsmøte fem dagar før utløpet av klagefristen og vedtak om ikkje å klage, har vore i samsvar med regelverket. Det kan elles reisas spørsmål om vedtaket av 13.08.d.å. oppfyller kravet til å vere tilstrekkeleg klart når det gjeld innhald.

Praktisering av kommunalt reglement om deputasjonar/utsendingar

Informanten viser til kommunestyret sitt reglement og meiner at ordføraren i kommunestyremøte 09.10.d.å. praktiserte dette feil. Informanten meiner at dette var til skade for det syn deputasjonen ville formidle, ikkje minst når det gjaldt den mot-informasjonen som utbyggjaren av Okla vindkraft fekk gje. Det var også feil at utbyggjar fekk høve til å imøtegå Stad Landskap sin argumentasjon, og det utan duplikk, slik at prinsippet om kontradiksjon ikkje vart ivareteke.

Kontrollutvalet kan vurdere om ordføraren i denne saka handla i tråd med reglementet.

Høyringssak om nasjonal ramme for vindkraft

NVE hadde i brev av 08.06.2018 sett frist til 20.09.2018 for at kommunen kunne kome med innspel til nasjonal ramme for vindkraft. Formålet var å medvirke til at dei beste regionale vindkraftlokalitetane kunne bli nytta. I omtalen frå det ekstraordinære formannskapsmøtet 13.08.2019 heiter det: «Saka som gjeld konsesjon for Okla Vindpark skal opp som ei eiga sak i Selje kommunestyre, som følgje av eit innbyggjarforslag knytt til denne saka.»

Det heiter likevel annan stad i vedtaket: «Ein klage vil ikkje rokke ved sjølve konsesjonen...»

Informanten meiner at det var ein saksbehandlingsfeil at kommunen ikkje svarte på NVE sitt høyringsbrev. Det er vist til eksempel der andre kommunar svara med å utgreie og sende inn fagleg informasjon. Det kan røysast spørsmål om denne utsetjinga var politisk forankra når formannskapet først den 03.10.2018 behandla denne saka.

Ordføraren som sakshandsamar

Informantane stiller seg «undrande til at ordførar står oppført som sakshandsamar i ei rekkje protokollar knytt til Oklasaka.»

Dette røyser spørsmål om ordføraren si rolle og spørsmålet om kompetanse er overført frå kommunestyret, jfr. Kommunelova.

Spørsmål om brot på god saksbehandlingsskikk og effektivering av kommunestyret sitt vedtak

Det har i følgje informantane vore vanskeleg å kommunisere med administrasjonen og ordføraren synest å vise liten vilje til samarbeid mv. i saka om vindkraft.

Stad Landskap meiner at kommunestyrevedtak den 09.10.2019 med krav om ny vurdering av konsesjonen på Okla (sak KS-081/19) ikkje på tilstrekkeleg klar måte er blitt formidla til NVE.

Det er oftast tilhøvet til kommunelova sine reglar om ordførar si mynde og rådmannen sine plikter som det i så fall vil kunne vere tema.

Konklusjon

Informantane peikar på fleire sakstema som kan ligg innafor kontrollutvalet sitt arbeids- og ansvarsfelt. Kontrollutvalet er kommunestyret sitt arbeidsutval for eigenkontroll i kommunen. Utvalet kan ikkje overprøve

politiske vurderingar, men skal føre tilsyn med at kommunen rettar seg etter regelverket for saksbehandling, formell lovgjeving og at lokale reglement vert etterlevd i forvaltninga. Ordføraren er mellom dei som i prinsippet er underlagt kontrollutvalet sitt tilsyn.

På grunnlag av motteken informasjon kan kontrollutvalet vurdere å sjå nærare på tilhøva rundt handsaminga av dei innvendingane som har vore reist mot vindkraftutbygging.

I så fall må fokus på spørsmålet om det er handla innanfor fullmakter, jfr. kommunelova, og om lova sine saksbehandlingsreglar er fylgde.

Før kontrollutvalet tek standpunkt til om dei vil gå meir inn i saka vil det vere rett at ordførar og rådmann får uttale seg.

Dei bør difor kallast inn til møtet for å gi sin uttale. Ut frå det som kjem fram kan det vere aktuelt at dei også uttalar seg skriftleg.

Tilbakemelding frå Sivilombudsmannen ligg føre, sjå vedlegg 2.

Det går bla. fram at Sivilombudsmannen sin kontroll med forvaltninga skal vere etterfølgjande. Det vil seie at ei sak ikkje kan behandlast her før ho er endeleg avgjort i forvaltninga. I første omgang må du derfor vente på utfallet av behandlinga av klagen din i kommunen og Fylkesmannen.

Det kunne også vere greitt om det låg føre noko tilbakemelding/svar frå Fylkesmannen for å vurdere om kontrollutvalet eventuelt engasjerer seg i saka.

Fylkesmannen kan ta opp saka som lovlighetskontroll på eige initiativ.

I møtet

Rådmann Kristine Dahl ga ei grundig orientering, særleg på dei tilhøva som var tekne opp i saksutgreiinga og svarte på spørsmål. Sekretariatet fikk også tilsendt PowerPoint frå rådmannen.

Ordførar Stein Robert Osdal ga ei grundig orientering, særleg på dei tilhøva som var tekne opp i saksutgreiinga og svarte på spørsmål. «

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**